

Innbyding til synfaringskurs for medlemmer av Førde IL Orientering

Dag 1 torsdag 09 mai Kl. 17.00-20.00. Oppmøte Stakaldefossen

Dag 2 mandag 13 mai Kl. 17.00-20.00. Oppmøte Stakaldefossen

Dag 3 blir avtalt siste kursdag



Målgruppe: Ungdom frå 14 år som ynskjer å bli betre o-teknisk, samt vaksne som treng oppfrisking av kunnskap om synfaring og som kan tenkje seg å gjere dugnad for o-gruppa.

Mål: Etter kursdag 2 skal dei som har delteke kunne utføre rettingar på eksisterande kart. Deltakarane skal også ha vorte samde om eit «normkart» over Stakaldefossen.

Litt om kursinnhaldet

- Ulike synfaringsteknikkar
(f.eks. krysspeiling, telje skritt a 1 meter, gå langs kurvene).
Tolking av laserkurver
- Minstemål på detaljer
- Klassifisering av arealdetaljer (gult, grønt m.m.)
- Nabonøyaktigheit
- Formnøyaktigheit
- Lesbarheit
- Kartnorm vanlig kartnorm ISOM 2017-2

Instruktør tek med

Kursdeltakarane vil få utlevert kartgrunnlag med kurvegrunnlag med 1 meter.

Klubben skaffar

Folie til alle deltakarane til å teikne på A 4

Tape (3M matt)

Kartnorm (skogskart)

Synfaringspennar

Den enkelte deltakar tek med

Blyant og viskelær (gjerne ein blyant med viskelær i enden) og en **A4 underlagsplate** (lett materiale) til å tape synfaringsgrunnlaget på.

Kompass til å tape på underlagsplata.

Påmelding innan 08 mai til instruktør for kurset Gunnar Gytri e-post:

gunnar.gytri@enivest.net

Helsing Orienteringsgruppa

v leiar Knut Even Hole